

Månadsbrev for juli frå distriktsguvernøren



AKTUELT FRA DG LIDUN OG DISTRIKT 2305

NYTT FRA DISTRIKTSADMINISTRASJONEN OG KOMITAENE

KVA SKJER I ROTARY

MÅNADENS TEMA

DETTE SKJER FREMOVER

Guvernørskifte på Quality Ulstein Hotel 24. juni 2024

Anders Anderson overlot kjede og klubba til meg i ein enkel men fin seremoni i Ulsteinvik, der også Rotaryklubbane i Ulstein og Hareid hadde presidentskifte. 60 representantar frå alle klubbar på heile Sunnmøre deltok i seremonien.

Årets tema er Rotarymagien. Rotarymagien er det som skjer nettopp når vi samlast som Rotarianarar. Som eg skreiv i forordet i handboka, handlar Rotarymagien for meg om vennskap og respekt på tvers av landegrenser, etnisitet og ikkje minst alder. Det handlar om å møtast på eit Rotaryarrangement om dette, og vite at alle til stade er venar, og nokre av dei får eg høve til å bli kjend med i dag.

Vi Rotarianarar er opptatt av dei same verdiane uansett kvar i landet eller verda vi bur. Det handlar om å arbeide side om side for å rydde ei strand, eller for å lage ein hage eller ein sti til eit lokalsamfunn som manglar dette. Det handlar om å samle inn pengar til Polio+ slik at dine og mine borneborn blir sparte for denne fryktelege sjukdommen. Det handlar om å gi ein hundrelapp i månaden slik at folk som opplever katastrofer kan få rask hjelp. Det handlar om fellesskap, latter, samhald, kaffipauser med gode samtalar. Eg finn Rotarymagien på alle nivå: på klubbnivå når vi har foredrag som verkeleg er verdt tida mi, på distriktsnivå når vi møtasst på distriktskonferansen og samlingar, og på internasjonalt nivå som på Rotary Action Summits (nesten er i Malmö i september) og konferansar. Eg lærer noko nytt om og av Rotary kvar einaste dag. Det synest eg er magisk.





Nytt fra distriktsadministrasjonen og komiteane



Distrikt 2305 har fått instagramkonto!

Kontoen heiter **rotary_d2305** Her finn du ein fin filmsnutt frå guvernør- og presidentskifta i Ulstein og Hareid, samt ein film om månadens tema. Fleire innlegg kjem etter kvart.

Eg håper at dei av dykk som brukar Instagram går inn, følgjer kontoen og likar innlegga våre så vi blir meir synlege!

Glimt frå International Convention i Singapore



Her ser vi dei norske deltakarane på International Convention i Singapore. Frå distrikt 2305 deltok Executive Secretary/Distrikct Trainer Greta Herje og eg. Mellom deltakarane finn vi både den norske representanten i RI-styret (Lena Mjerskaug i midten), fem av dei seks DG'aner for 2024-2025, sittande DG'ar, tidlegare DG'ar, partnerar, frivillige og rotarianarar som ønskar å oppleve Rotarymagien i det internasjonale fellesskapet.

Å delta på ei internasjonal Rotarysamling er ei stor og lærerik oppleveling. Både Conventions og Summits er opne for alle Rotarianar. Neste høve til å delta på ei internasjonal samling er Action Summit 20.- 22. i Malmø. Lenke til påmelding finn du [her](#)



Ei viktig påminning frå leiar i Rotaryfondet (TRF) **Barry Rassin**: start smått men drøym stort!

RI-leiar **Stephanie Urchick** talte om Rotarymagien og fellesskapet i Rotary. Vi som organisasjon må endre oss og vere relevante for tida vi lever i for å kunne tiltrekke oss nye og yngre medlemmer. Netto 100 nye medlemmer er oppdraget ho ga kvart distrikt.



Tayyaba Naheed Gul frå Islamabad Metropolitan Rotaryklubb gjorde stort inntrykk med forteljing om arbeid med poliovaksinering med fare for eige liv i dei svært vanskeleg tilgjengelege grenseområda mellom Pakistan og Afghanistan.



Bill Gates minnte oss om at vi er SÅ nære å utrydde polio! Vi må stå løpet ut! Ingen gir seg på opplopssida!

Videoar frå konferansen finn du her: <https://my.rotary.org/en/2024 rotary-convention-videos>



Kva skjer i Rotary

Søre Sunnmøre har fått ny AG! Vi er glade for at Per Arne Emdal frå Stranda Rotaryklubb har tatt på seg denne viktige oppgåva, og vi ønskar han hjarteleg velkommen i distriktsorganisasjonen.



Månadens tema for juli i Rotary: Mødre og barnehelse



Månadens tema er mødre og barnehelse, og dette er også eit av Rotary sine sju satsingsområde.

Kvart andre minutt dør ei kvinne på grunn av graviditet eller fødsel seier WHO. Dei fleste av desse kvinnene bur i utviklingsland, men også i Noreg blir mødre og born alvorleg sjuke under svangerskap og fødsel.

Er dette noko din klubb vil arbeide med? Vi kan jobbe med mødre og barnehelse internasjonalt gjennom Global Grants eller lokalt gjennom District Grants.

Kanskje ligg det ei fødeavdeling nær deg som treng noko din klubb kan bidra med?

Sjå filmen Rotary supports Mothers and Babies om mødre og barnehelse [her](#), eller på vår Instagramkonto **rotary_d2305**

Dette skjer framover

Distriktskonferansen 27. – 29. september på Quality Ulstein Hotel

Konferansen byrjar å bli fullbooka, det er kun få rom igjen, så her er det først til mølla. Vi har enno dagpass tilgjengelege. Vi har sikra oss plassar for bobilparkering og vi kan hjelpe til med å finne alternativ overnatting. Du finn lenke til påmelding [her](#)



Neste styremøte:

23. – 24. 08 i Ålesund. Styremøtet blir kombinert med ein workshop for styret og medlemsskapskomiteen på laurdag 24.08.

Alt godt!
Lidun Hareide
Distriktsguvernør 2024 - 2025